

# Norskt Måldyrkingslag

— akademi for det norske målet —

Oslo, 14. mars 2010

Rettskrivingsnemndi åt Språkrådet  
ved Grete Riise

## Fråsegn til møte um <y>/<ø>

I sakpapir til møte um ord med ymsande skrivemåte <y>/<ø> i gjeldande rettskriving, kann me lesa eit namnlaust framlegg til ny skipnad av skrivemåten for desse ordi. Grunnlaget for framlegget synest einast å vera ein stutthoggen gjennomgang av kor ofte desse ordi er skrivne på eine eller andre måten i «tekst-korpuset».

Me vil difor gjera nemndi merksam på ei rad faglege vurderingar som det lyt takast umsyn til når ein skal ha fyre eit slikt spursmål.

## Påverknad frå bokmål

Det er underleg at ein ikkje nemner påverknad frå bokmål i det heile. Når ein segjer at «tekstkorpuset» skal femna mange tekster frå det offentlege, lyt ein ha det klårt fyre seg at dei nynorsktekstene som kjem herifrå, i sers mange tilfelle er umsette av programvara og medarbeidarar med skortande nynorskkunnskap, og det gjev i regelen tekster fulle av ord, skrivemåtar og setningsmynster som er lagt so nær upptil bokmål som råd er, og i mangt nærre au.

Påverknaden frå bokmål strekk seg dessutan langt vidare. Tvungi målnormering under samnorsk målpolitikk og massivt teksthegemoni frå norskdanskt bokmål gjer at ein finn bokmålske former som bryt med den nynorske målbyggnaden nær alle stader.

Ein lyt difor sjå på kva rolla denne påverknaden spelar for nynorsk skriftkultur, og stilla seg spursmålet um ein vil eller kann halda fram denne lina. Set ein dei nye samnorskformene i høgsætet, mun det venteleg fullgjera verknaden frå samnorskpolitikk og bokmålshegemoni – at nynorsk ikkje lenger vert eit eige mål, men eit regionalt avbrigde av bokmål.

Vil ein derimot attra denne verknaden og halda den sereigne nynorske skriftmålstradisjonen på eigne bein, lyt ein atterreisa hovuddragi i den nynorske målbyggnaden og banna fleire «tilnærmingsformer» frå offisielt bruk, i tråd med vedtaket um å enda samnorskpolitikken.

## Samanheng

Når framlegget tel til *fylgje* og *følgje*, men berre *bølgje*, *sørgje*, syner det at samanhengen med målføri ikkje tel. Alle norsk målføre hev i regelen berre éi uttala kvar seg i alle desse ordi – [y] eller [ɣ] eller [ø]. Aasen sette upp [ɣ] som den

samlende og dimed normgjevande uttala her, og heldt fram at dette ljodet kunde nærma seg [ø]. Det tyder at skriftbilætet <y> (<ÿ>) kann realiserast som alle uttaleavbrigdi i norsk, og dimed er det ikkje rett som det heiter i framlegget, at det er uråd å finna eit system alle greidt kann retta seg etter – for dersom ein skriv jamt <y>, handsamar ein alle like ord likt. Legg merke til at ord som ikkje har ein bein parallell i bokmål, som *byrja* og *kyrkja*, held på y-en, og ingen vil venteleg finna på å skifta ut dét.

## Einskilde andre døme

- **byrd : bør** – framlegget nyttar her bokmålsordet *byrde* [<sup>2</sup>byr.də] til å vilja kløyva dette ordet i tvo. Men *byrd* heiter i austnorsk [bø:ɾ] og hev same tydingi som framlegget legg ut for *bør*. Det er soleis einast *byrde* som *bør* skiljast ut, medan *bør/byrd* er same ordet, og der den målførelege skrivemåten med <r> kann vera meir å ansa på en ymsingi <y>/<ø> – regelen i norsk er <rd> for gamalnorsk *rð*, med grovt sagt uttala [r] i vestnorsk og [ɾ] i austnorsk – som i *ord*, *jord* og mange ålgjengde ord.
- **styrd : stør/støl** – i dette tilfellet vil framlegget ta ut den samlende skrivemåten med <rd>, jf. ovan.
- **yksen : øksen** – her vil framlegget ta ut *yksen*, endå ingideira formi er funni i «tekstkorpuset». Det avgjerande her burde vera samanhengen med *ukse*, og regelen um ljodbrigdet u/ø : y.
- **tunne : tynde : tønne** – dette ordet høyrer ikkje heime i dette selskapet, men i lag med ord som *Sunnmøre*, *sunnan* og *tunn*, og *bør* fyrehavast saman med deim.
- **lykkje : løkke** – her vil framlegge kløyva ordet og berre ha *løkke* i tydingi 'jordstykke'. Det vert då berre å gjera vondt verre og vildringi større, all den tid *lykkje* liver godt i denne tydingi ute hjå folk.
- **drynje : drønne osb.** – framlegget vil med dette skuva ut ei rad ord som har ja-bøygjing og setja e-bøygjingi i høgsetet. Skilnaden tér seg mest i notid: *dryn* [drøn] el. [<sup>1</sup>drø(:)ne] mot *drønner* [<sup>2</sup>drøn.nør]. Dette spursmålet burde ikkje fyrehavast soleis dult millom saki <y>/<ø>.

## Slutning

Det er soleis klårt at det er mange umsyner å ta til bygnaden i målet, når ein vil råda i dette spursmålet. Me vonar at ordskiftet og avgjersla i nemndi tek desse umsynene, og ikkje styd seg på det einspora «tekstkorpus»-framlegget.

Er de forvitne etter det, kann me gjerne greida nøgnare ut um sidor ved desse spursmåli og andre.

Vensamleg,

Thorgeir Holm, styrelem i Norskt Måldyrkingslag  
Kristin Fridtun, leidar i Studentmållet i Nidaros  
Sergej Alexander Munkvold, formann i Ivar Aasen-sambandet  
Håvard Tangen, formann i Høgnorskringen